


# Informasjon om tenesta medisindispenser



**VINDAFJORD  
KOMMUNE**

VED FEILMELDINGAR ELLER ANDRE SPØRSMÅL RING VAKTTELEFON I DI SONE

Ølen, Ølensvåg, Bjoa, Sandeid, Vikedal, Imsland Indre Sone: 97 98 53 07

Skjold, Vats og Vikebygd Ytre Sone: 97 98 53 21



**VINDAFJORD  
KOMMUNE**

Vindafjord kommune har ansvar for å gi naudsynt helsehjelp til dei som treng det. Vår heimeteneste satsar på bruk av teknologi og vil nyttegjere seg av dette hjå flest mogleg. I samarbeid med fleire kommunar på Haugalandet har Vindafjord inngått avtale med dignio som er leverandør av elektronisk medisineringsstøtte.

### Målet er rett medisinar til rett tid

Ved bruk av elektronisk medisineringsstøtte kan kommunen prioritere andre type oppdrag og redusere kjøretida.

Brukerane opplever også auka fridom, dei treng ikkje vente på heimetenesta for å ta medisinar.

**Heimetenesta vurderer kven som kan nyttegjere seg av medisindispenser og forventar at både pasient og pårørende er samarbeidsvillige og positive**

Heimetenesta gir opplæring og støtte ved oppstart.

Når du kjenner deg trygg på bruken er det berre naudsynt med besøk av heimetenesta når du treng påfyll av medisinar eller har behov for bistand grunna feilmeldingar.

Tenesta er gratis.

 dignio



Medido



karie™

Medido og Karie er elektroniske medisindispensere til multidose.

Heimesjukepleien har ansvar for programmering og tilpassing opp mot brukar sine behov, samt påfyll av multi-doserull.

Ein klargjort dispenser varslar med både lys og lyd når det er tid for å ta medisinar. Eit enkelt trykk på den blinkande knappen og ein opna pose kjem ut av dispenseren. Då er alt klart for brukar som berre treng noko å svelge ned med.

Dersom medisinen ikkje blir henta ut som planlagt blir dette registrert av systemet Dignio Prevent, som vidaresender varsel til heimetenesta via SMS. Heimetenesta følgjer opp avviket og tek kontakt med brukar.

Medisindispenseren har eit diskret design. Den veg ca 2 kg og er flyttbar. Den må være koplå til straum, men har back-up-batteri som gjer at den kan bli med på tur. Det er også mogleg å hente ut multidoseposane på førehand dersom det er behov for det.